

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: S. og Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter ymse gamle folk. (delvis nemnde i teksten)

SVAR

1. I gamal tid drakk dei ikkje nysila mjölk. Dei sette den opp og fekk römme av. Det vart såleis for det meste surmjölk dei fekk. Bruken av nysila mjölk har auka, men surmjölk vart mindre bruka no.
2. Dei som hadde rikeleg mjölk, kunne drikke surmjölk til tyrstedrikke, men det meste gjekk til maten.
3. Om våren utover samla dei surmjölk i ei tunne og let det surne. (Surmjölk heiter skjör). Om sumaren tok dei det tunne av dette og blanda i vatn til tyrstedrikke på slåtteteigen. Det kalla dei möseblende. Saupet gjekk helst til matlagning og prim (knøyte, heitte det i Botnane).
4. Dette kan eg förebels ikkje svare på.
5. Ola Bremnes f. ikr. 1875 sa at dei i hans ungdom bruka kornkaffi. Alf Sande, f. ikr. 1880 fortel: På Sande var der ein plassemann som heitte Ivar (Han var född 1795 merknad A. Ö.) Han koka seg kaffi. Men etterpå åt han kaffigruten med skei. "Det er det tjukke som kostar
6. penge," sa han. Vanleg drykk vart kaffien om kring fyrste storkrigen.
7. Ein to til fire gonger.
8. Det vanlege er å ha grovmalen kaffi opp i kokande vatn.
9. Til kaffien brukar ein gjerne raffinade, men ikkje alle.
10. Helst fløyte, men og söt mjölk. No er det sume som drikker svart kaffi. För var det sagt at det var splintane som drakk svart kaffi. Ikkje egg.
11. Te vart bruka til kveldsmaten av og til. Ikkje te av plantar anna enn under siste krig. Då prøvde dei med ymse søttar.
12. Ola Bremnes: Dei kjøpte ei halvtunne brennevin når dei var i Bergen med fisk om sumaren, og til jul delte grannane eit anker. Det var vanleg med ein mårådram. Dei fekk ei halvtunne brennevin for ei halvtunne tran.
13. Sume brukar sterkt öl til dagleg, men det er få. Anna kjøpt drykk er ikkje kvardagsdrykk.

Nov. 1955.

11281